

VEGDIREKTORATET

22. E 1981
BIBLIOTEK

VEG OG VIRKE



I MØRE OG ROMSDAL FYLKE

Nr. 4

SEPTEMBER 1981

9. årg.

BIBLIOTEKET
VEGDIREKTORATET




Snøbrøyting på vegen over Ørskogfjellet.

I skriv 11. oktober 1834 til veginspektøren i Nordre Sunnmøre seier amtmannen at «Veines istandsettelse om vinteren ved sneplovkjørsel m.m. har hidtil været ukjent i Søndmøers fogderi». Amtmannen heldt fram at det ikkje burde utsetjast lenger med tiltak for snøbryting, særleg for hovudvegane der det er let seg gjere. Amtmannen meinte at snøbrøyting utan tvil kunne gjerast på hovudvegane i Ørskog tinglag med unntak av dei 2 første rotene over Ørskogfjellet. Men amtmannen fann det ønskeleg om vegane kunne haldast opne om vinteren på ein mindre brysam og kostesam måte enn ved snøplogkøring. Amtmannen tenkte då på bruk av snøstromle etter forslag frå direktør Steenstrup, som det var igangsett prøve med. Å setje igang med å lage og bruke snøplogar før ein fekk sjå utfallet med snøstromle, som kanskje også kunne nyttast på vegen over Ørskogfjellet, var lite tilrådelig. Ein fekk heller vente enno eit år før ein tok ein avgjerd om snøbrøyting på denne vegen.

Prøva som vart gjort med snøstromle på hovudvegen i Vestnes, gav ikkje brukbart resultat. Det vart difor i 1835 teke avgjerd om at dei offentlege vegane skulle brøyta med snøplog. Snøplogkøringa over Ørskogfjellet vart bortsett ved lisitasjonssteneste halde av sorenskrivaren. Snøplogane skulle — etter fastsetjing av amtmannen — vere 3 alner breie

og 5 alner lange for vegen frå grensa for Borgund tinglag til første rotestolpe nordfor Sjøholt, men $2\frac{1}{2}$ alner breie og 4 alner lange for plogane som skulle brukast frå nemnde rotestolpe til grensa for Romsdals fogderi. Sistnemnde breiddeføresgn galdt og for plogar til snøpløgjing på vegen frå Sunnmørsbytet gjennom Skorgedalen.



Riss av snøplog frå 1830-åra.

Snøbrøyting over Ørskogfjellet med hest og treplog av storleik som amtmannen fastsette — heldt fram til og med vinteren 1927-28. Den nye ordning med riksvegvedlikehaldet — der vegen frå Ålesund til Vestnes var med — tok til å gjelde frå første januar 1928. For vinteren 1928-29 vart snøbrøytinga mellom Sjøholt forts. s. 43




Biletet viser bilen med sjåfør Theodor Aarønes i bildøra



På biletet 3, som er teke på Sjøholt i januar 1932, er bilen med forplog. Theodor Aarønes har uttala at det var «altfor dårleg plog til denne bilen».



Bilete 4 og 5 er frå brøyting vinteren 1939-40 med Scania Vabisvogn 1939 modell. Det var då $2\frac{1}{2}$ m snø på flat mark og snøkantar over 5 meter høge. På siste biletet kan ein sjå korleis sideplogen har forma snøkantane trinvis nedfrå og oppover. Bilete er teke av oppsynsmann Lars Heggen. Theodor Aarønes var brøytesjåfør.



og Vestnes bortsett til rutebilselskapet Lande & Ytterlid. Selskapet vart pålagt å føre liste over kor mange bilkilometer som det gjennom vinteren vart köyrt med brøytereiskap (Øveråsen forplog, bakplog eller sideplog).

Frå nyåret 1931 har brøytearbeidet over Ørskogfjellet vore gjordt av

mannskap i vegvesenet. Det vart skaffa ein særleg sterk lastebil for riksvegvedlikehaldet si rekning. Bilen var bygd av Strømmen Mek. Verksted, og vart av fabrikkfolka kalla «Jernhesten».

Bjarne Rekdal
